

## Lagsbruk

Fylkeslaget dreiv ei tid kaffistove på Geilo sist i 20-åra. Det enda med eit underskot på 2000 kroner, og det var mange pengar i den tida, men gjelda vart betalt.

Etter dette var det få som våga å tenkja på at det skulle prøvast med nye tiltak av dette slaget. Andres Haug var eit unntak. Han ivra for at fylkeslaget skulle prøva til att med lagsbruk. På eit styremøte i Ål i april 1931 gjekk Haug inn for at ein no måtte passa på å tinga seg rom til kaffistove i den nye tingstugu på Sundre. Haug tok på seg å arbeida vidare med saka, og det vart valt ei førebuingnemnd. S.T. Nestegard var formann, og elles var Torleiv Nestegard, Ola Opheim og Lars Bråtahaugen med. Det enda med at «Dølaheimen» vart skipa og opna for drift 25. mars 1932. Guro Torseth og Andres Haug gav trygd for kr. 1000,-. Fylkeslaget skaut til kr 500,-. Sissel Breie vart husmor for «Dølaheimen» og åtte ein fjerdepart i Kaffistova. Ho heldt fram som styrar til 1940. Då hadde ho fått dette tiltaket i godt gjenge. Det var i jamn framgang frå år til år. I april 1940 overtok Halldis E. Breie som styrar. Ho tok også over den parten i kaffistova som Sissel Breie åtte.

Krigstida la store vanskar i vegen for drifta. Det var skort på mest alt som trongst, men trass i det gjekk det overlag godt. Kaffistova vart samlingsstad meir enn før. I 1943 sa den dåverande kommunestyringa opp leigeavtala. Romma trongst til kommuneadministrasjonen, vart det sagt. Likevel berga «Dølaheimen» seg fram til desember 1944. Andre lokal var ikkje å oppdriva i Ål, og ein freistnad på å driva litt saman med husflidssentralen på Gol stogga straks. Torleiv Nestegard og Ola Opheim var med i driftsstyret heilt til slutt, og begge gjorde eit framifrå arbeid.

I den oppgangsperioden som kom for lagsarbeidet i Hallingdal først i 50-åra, dukka tanken på kaffistovedrift opp att. Veldrivne lagsbruk kunne vera gode samlingsstader for ungdom og verdifull reklame for det frilynte ungdomsarbeidet i det heile. Attåt det kunne dei gi eit visst økonomisk tilskot til fylkeslagskassa.



*Sissel Breie. Styrar for «Dølaheimen» i Ål 1932—1940.*



Frå opninga av den nye «Dølaheimen» i Ål Samvirkeleg sitt hus. Frå venstre: Olav Austigard, Birgit Brattåker, Marie f. Grue, Kari f. Eilevmo.

Då Einar Tufte vart formann for fylkeslaget i 1952, fekk han med seg i styret mange unge og framfor alt energiske styremedlemer, og Tor Myre var framleis ein god rådgjevar å ty til. Så laga det seg slik at det vart ledig eit lokal i huset til Trygve Tragethon på Geilo. Det hadde vore nytta til kafé før, og styret greip sjansen. Startkapitalen var på kr 1000,—. Anna J. Myro frå Ål vart ei dugande styrarinne for den nye kaffistova, og Sverre G. Åker tok på seg å vera formann for styret. Med enkle midlar og små kostnader vart det ein triveleg samlingsstad, som også vart nytta til møte.

Å få i gang ein ny «Dølaheim» på Ål hadde og svive i tankane. Nybygget til Ål Samvirkeleg gav påskot til å realisera dette ynsket. Det vart oppnemnt eit utval som skulle få tiltaket i gang med Olav Austigard som formann. Han hadde eit usliteleg pågangsmot, og fekk gjort avtale om leige av eit stort rom til kaffistove basert på sjølvbetening og ei peisestove til utleige. Birgit Brattåker frå Hovet vart ei kyndig styrarinne for denne «Dølaheimen». Mot å få underskriftene til eit tital kausjonistar lånte Ål Sparebank ut ein startkapital på kr 20.000,-.

Ei tid framover såg det ut til å gå tolleg bra økonomisk med Dølaheimane på Geilo og i Ål. På Geilo overtok Kari Sataøen som styrarinne etter Anna Myro, seinare Kari Vindegg og Birgit Berg. Kaffistova der fekk etter kvart hard tevling frå nyetablerte kaféar, og då Tragethon skulle til med nybygg, vart leigeavtala oppsagd og drifta stogga.

I Ål gjekk det på same måten. Drifta tok til å tæra på oppspart kapital, og til slutt vart det store vanskar med å betala for varer og dekkja andre driftskostnader. Samvirkelegat sa opp leigeavtala frå 1. sept. 1968, og det heile enda med at det vart nedsett eit avviklingsstyre med Gudbrand E. Persmoen som formann. Varelager og utstyr vart selt, dels på auksjon, og det vart stor skilnad mellom aktiva og passiva i sluttoppgjeret. Ei rekkje fordringshavarar kunne berre få dekt vel 30% av krava sine.

Slik enda då det siste forsøket fylkeslaget har gjort på å driva lagsbruk. Det vart satsa friskt, og mange gjorde ein stor innsats for å få tiltaka til å gå utan å få noko godtgjersle for det. Både Flå u.l. og Samhald u.l. gav lån til drifta. Ikkje rart at det kjendest sårt for mange då det siste skiltet med «Dølaheimen» på vart teke ned. Fylkeslagsfolk kjende seg på ein måte heimlause då.